

**Arkiv:** FE-121  
**JournalpostID:** 22/25667  
**Saksbehandler:** Hogne Haugsdal  
**Dato:** 30.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
	Alver formannskap	

## **Innspel og prioriteringar frå Alver kommune til regional transportplan 2022-2033 - Økonomisk handlingsprogram og investeringsprogram**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommune har følgjande prioriteringar til RTP-2022 - 2033:

- Nye Alverstraumen bru – finansiering og bygging
- Gang- og sykkelveg på Fv57 strekninga Skodvin – Mongstad – finansiering og bygging
- Vestland fylkeskommune må bidra økonomisk til realisering av Miljøløftet-prosjekt på fylkesvegane i Alver.
- Fylkeskommunen og Alver kommune må etablere eit tettare samarbeid for gjennomføring av større og mindre anleggsprosjekt, for å sikre mest mogeleg effektiv bruk av midlane.
- Fylkeskommunen må arbeide for ei omregistrering av Fv 57, Knarvik-Mongstad, frå fylkesveg til riksveg, utan at etableringa av G/S-veg på strekninga Skodvin-Mongstad stoppar opp.

### **Utval for areal, plan og miljø 23.03.2022:**

#### **Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samråystes vedteke.

#### **APM- 049/22 uttale:**

Ingen merknader.

### **Utval for næringutvikling og drift 23.03.2022:**

#### **Handsaming:**

Hogne Haugsdal-kommunalsjef Samfunnsutvikling og Arne Eikefet-rdgjevar stab Samfunnsutvikling orienterte i saka.

Utvalet slutta seg samråystes til kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

#### **ND- 010/22 uttale:**

Utvalet sluttar opp om kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

## **Alver formannskap 24.03.2022:**

### **Handsaming:**

#### **Fellesframlegg frå S.Sekkingstad-SP:**

Formannskapet utset saka, og ber kommunedirektøren arbeide vidare med innspel til RTP til ekstra formannskapsmøte 31. mars.

Formannskapet ber om at innspelet mellom anna skal innehalde følgjande prosjekt:  
Alverstraumen bru.

GS FV 57 Skodvin-Mongstad.

Omklassifisering av FV 57 til riksveg.

Tett samarbeid mellom VLFK og Alver kommune for å få mest mogeleg veg for pengane.

At det vert sett av midlar til prosjektering, planlegging og grunnerverv til prosjekt som vert finansiert gjennom Miljøløftet.

Innspelet må vise tydeleg prioriteringa til Alver kommune, og grunngje kvifor prosjekta er viktig for Alver kommune.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **FO- 037/22 Vedtak:**

Formannskapet utset saka, og ber kommunedirektøren arbeide vidare med innspel til RTP til ekstra formannskapsmøte 31. mars.

Formannskapet ber om at innspelet mellom anna skal innehalde følgjande prosjekt:

Alverstraumen bru.

GS FV 57 Skodvin-Mongstad.

Omklassifisering av FV 57 til riksveg.

Tett samarbeid mellom VLFK og Alver kommune for å få mest mogeleg veg for pengane.

At det vert sett av midlar til prosjektering, planlegging og grunnerverv til prosjekt som vert finansiert gjennom Miljøløftet.

Innspelet må vise tydeleg prioriteringa til Alver kommune, og grunngje kvifor prosjekta er viktig for Alver kommune.

### **Politisk handsaming**

Saka skal til uttale i utval for næringsutvikling og drift

Saka skal til uttale i utval for areal, plan og miljø

Saka skal til avgjerd i formannskapet

## **SAKSUTGREIING**

### **Saka gjeld**

Fylkestinget vedtok 16. desember 2021 Regional transportplan 2022-2033 for Vestland (RTP), sjå Politisk Utval (vlfk.no). Saman med planen vedtok Vestland fylkesting handlingsprogram for RTP. Det vedtekne handlingsprogrammet omtala ikkje konkrete prosjekt i investeringsprogrammet.

Fylkestinget gjorde på dette grunnlag m.a. slikt vedtak i saka:

2. «Fylkestinget sluttar seg til at investeringsprogrammet skal innarbeidast i handlingsprogrammet for Regional transportplan 2022-2033 og vert lagt fram for handsaming i fylkestinget i juni 2022. Fylkestinget ber om at investeringsprogrammet vert sendt til kommunane for innspel før endeleg vedtak.»

Utkast til økonomisk handlingsprogram og investeringsprogram for perioden 2022- 2033 er no utarbeidd og sendt kommunane med mogelegheit for innspel, - med frist innan fredag 1. april 2022. Utkastet kan lastast ned frå

<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/fylkesveg/rtp/ok-handlingsprogram-og-investeringsprogram---utkast-innspel-til-kommunane-feb-2022-1.pdf>

Denne saka blei handsama i formannskapet 24. mars - og blei utsett med følgjande vedtak:

## **FO - 037/22 Vedtak:**

Formannskapet utset saka, og ber kommunedirektøren arbeide vidare med innspel til RTP til ekstra formannskapsmøte 31. mars. Formannskapet ber om at innspelet mellom anna skal innehalde følgjande prosjekt:

- Alverstraumen bru.
- GS FV 57 Skodvin-Mongstad.
- Omklassifisering av FV 57 til riksveg.
- Tett samarbeid mellom VLFK og Alver kommune for å få mest mogeleg veg for pengane.
- At det vert sett av midlar til prosjektering, planlegging og grunneverv til prosjekt som vert finansiert gjennom Miljøløftet.

Innspelet må vise tydeleg prioriteringa til Alver kommune, og grunngje kvifor prosjekta er viktig for Alver kommune.

## **Bakgrunn**

Prosessen med regional transportplan 2022-2033 viser at det er store behov i fylket. Det økonomiske handlingsprogrammet viser at dei økonomiske rammene fylkeskommunen har til disposisjon, vil vere langt frå tilstrekkelege for å kunne møte det store behovet i fylket for drift, vedlikehald og investeringar innan samferdsel.

I gjeldande økonomiplanperiode 2022-2025 er det i investeringsprogrammet til fylkeskommunen avsett midlar som skal fordelast i samband med vedtak av «Investeringsprogrammet til Regional transportplan» i juni 2022. I tillegg er det lagt opp til at finansutvalet i fylkeskommunen skal fastsetje investeringsrammer for 2026 i mars 2022. Investeringsprogrammet skal avklare fordeling av midlar i komande økonomiplanperiode 2023-2026, samt utarbeide ein langsiktig portefølje av større prosjekt som kan realiserast i resten av planperioden fram til 2033.

Det vidare arbeidet med investeringsprogrammet skal m.a. avklare to forhold:

- Kor mykje midlar som skal avsetjast til rammeløyvingar for mindre tiltak. I Regional transportplan 2022-2033 er det peikt på at det er store behov for rammeløyvingar til trafikktryggleik/mindre utbetringar, gang- og sykkelprosjekt, kollektivtiltak,, tunneloppgradering samt til utbetring av bruer og kaiar. Ut frå dette er det gjort ei vurdering av kva som vil vere tilgjengeleg ramme når det vert teke omsyn til behovet for å vidareføre midlane til rammeløyvingane, i tillegg til naudsynt vedlikehald av bru og kai for å sikre fortsett framkome.
- Porteføljen av store prosjekt. Det er silt ut ein del prosjekt som er aktuelle for lister for investeringsprosjekt som kan realiserast i perioden. Slik dei økonomiske rammene er i dag, er det ikkje grunnlag for å kunne realisere alle dei nemnte prosjekta. Det er vidare føreslått å bruke opp mot 200 mill. kr. årleg til strekningsvise prosjekt på det overordna vegnettet.

Utkastet til økonomisk handlingsprogram inneheld ikkje eit endeleg forslag til fordeling av midlar, men vurderer fordelinga mellom ulike føremål i investeringsprogrammet. Vidare vert prosjekt som er vurderte som aktuelle for oppstart i perioden omtala. Prosjekta er delt inn i prosjekt som kan realiserast i komande økonomiplanperiode 2023-2026, og prosjekt som er aktuelle fram mot utgangen av planperioden i 2033. Prosjekta er ikkje i prioritert rekjkjefølgje. Det er grunn til å presisere at med dagens nivå på løyvingane vil det ikkje vere rom for å prioritere alle prosjekta som er nemnde i utkastet til investeringsprogram. Det vil følgjeleg vere naudsynt med ytterlegare prioritering mellom prosjekta.

Fylkeskommunen arbeider opp mot sentrale styresmakter for å styrke løyvingane til fylkeskommunale samferdselstiltak. Samstundes må anna delfinansiering som bruk av bompengar, og å utarbeide spleiselag gjennom rekjkjefølgjekrav og utbyggingsavtalar vurderast.

Fylkeskommunen arbeider også med å utnytte ressursane på ein god måte, og viser til sitt kunnskapsgrunnlag om meir veg for pengane:

<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/fylkesveg/rtp/kunnskapsgrunnlag-til-rtp-2022-2033--meir-veg-for-pengane.pdf>

Det vert teke sikte på å utarbeide endeleg framlegg til fordeling av midlar og prioriteringslister for store prosjekt fram mot vedtak av økonomisk handlingsprogram og investeringsprogram til fylkestinget i juni 2022. Framlegget vil basere seg på utkastet til investeringsprogram, innspel frå kommunane, samt ytterlegare arbeid med å kvalitetssikre prosjekta både med omsyn til mogleg gjennomføring, prosjektutforming og økonomi.

### **Alver kommune sine innspel og prioriteringar til regional transportplan 2022-2033 - Økonomisk handlingsprogram og investeringsprogram**

Før Alver kommune går inn på dei konkrete prioriteringane, vil kommunen svare på nokre av problemstillingane som fylkeskommunen har utfordra aktørane på. Dette er følgjande problemstillingar:

- Rammeløyvingar kontra store vegprosjekt
- Mest mogleg veg for pengane
- Rette tiltak og prosjekt

#### **Rammeløyvingar kontra store vegprosjekt**

Kva føremål er viktigast å prioritere i investeringsprogrammet, er det rammeløyvingar til trafikktryggleik og mindre utbetringar, gang- og sykkeltiltak, kollektivtiltak, oppgradering av kai, bru og tunnel eller midlar til store vegprosjekt?

Vurdering:

Alver kommune har sær mykje fylkesveg og mykje av dette er i relativt dårlig stand. Alver ser derfor med fordel at det blir prioritert rammeløyvingar til trafikktryggleik og mindre utbetringar, gang- og sykkeltiltak, kollektivtiltak, oppgradering av kai, bru og tunnel generelt. Om dette skal prioriterast framfor midlar til store vegprosjekt, vil ofte vere basert på behov. For Alver kommune vil det vere særleg viktig å prioritere Alverstraumen bru som eit stort vegprosjekt, då denne brua er utdatert på tilstand og funksjon og må erstattast med ny bru snarast mogeleg. Meir om Alverstraumen bru under prioriteringar.

#### **Mest mogeleg for pengane**

Vidare ber VLFK om innspel til korleis ein kan få mest mogleg for pengane for konkrete framlegg til prosjekt.

Vurdering:

Alver kommune viser her til fylkeskommunen sitt eige kunnskapsgrunnlag for meir veg for pengane. Sett frå Alver kommune si side er det viktig å etablere eit tett og praktisk samarbeid mellom kommune og fylket, særleg i den innleiande delen før anleggsoppstart. Dette er naudsynt for ein fagleg og økonomisk god gjennomføring av prosjekta

#### **Rette tiltak og prosjekt**

VLFK ber om synspunkt på om det er dei rette tiltak og prosjekt som er lagt inn i investeringsprogrammet, og kva som er viktigast å prioritere.

Vurdering:

Det er sær få tiltak som er lista opp for Alver kommune i handlingsprogrammet. Ny Alverstraumen bru er nemnt og står i ei særstilling når det gjeld krav om investering i Alver. Kommunen har elles svært mykje fylkesveg og mykje er i heller dårlig forfatning (Sjå liste til slutt i dokumentet) T.d. står ein framfor uttak av mykje skogvirke dei nærmaste åra i Alver, og det er viktig at vegane toler eit akseptabelt akseltrykk utan å bli forringa.

Vidare er det mange vegstrekker som er gjengangarar i trafikksikringsplanane og som sårt treng utbetring med sideareal/fortau, vegljos og anna. Informasjon om dette er oversendt fylket tidlegare og kommunen ønskjer jamlege dialogmøter med fylket om situasjonen på fylkesvegane. For Alver kommune er det viktig å få på plass ordningar som sikrar godt vedlikehald og drift av alle fylkesvegane.

## **Alver kommune sine prioriteringar til økonomisk handlingsprogram og investeringsprogram 2022 - 2023**

Alver kommune har vurdert framlegget til økonomisk handlingsprogram og investeringsprogram, og vil løfte fram følgjande prioriteringar:

### **1. Ny Alverstraumen bru – finansiering og bygging**

Fv57 gjennom Lindås og Fv565 over Radøy og Austrheim utgjer den viktigaste ringvegen på fylkesvegnettet for Alver. Det pågår for tida store investeringar på dette vegnettet på Radøy, men samstundes står Alverstraumen bru igjen som både ein prop og ein kritisk faktor på dette samanhengande vegsystemet i kommunen. Vestland fylkeskommune skriv sjølv at «Eksisterande (Alverstraumen) bru har dårlig standard. Trafikken er høg med om lag 6400 køyretøy i døgnet, og brua er så smal at den er einvegskøyrt med lysregulering. Den tekniske tilstanden til bruva er så dårlig at det må gjerast omfattande vedlikehald om levetida på bruva skal vere meir enn 5 til 10 år.

Vedteken kommunedelplan Knarvik–Alversund med Alverstraumen bru ligg til grunn for utarbeiding av reguleringsplan. Det blir planlagt ei ny bru rett nord for den gamle bruva. Ny bru skal ha sykkelveg med fortau. Den gamle bruva skal rivast. Løysingane vil byggje vidare på dei løysingane som er viste i Vegplan ny Alversund bru, som vart utarbeida som grunnlag for vedteken kommunedelplan.

Alver kommune vurderer Alverstraumen bru som det mest kritiske prosjektet innan den fylkeskommunale samferdselen i Alver, og tilrår difor at finansiering og etablering av ny bru vert prioritert i det økonomiske handlingsprogrammet.

### **2. Gang- og sykkelveg Fv57 - strekninga Skodvin – Mongstad**

Når det gjeld trafikktryggleik på fylkesvegane i Alver er Fv57 mellom Knarvik og Mongstad den mest ulukkesbelasta fylkesvegen. Her har det mellom anna vore 7 dødsulukker dei siste 10 åra mellom Vågseidet og Hope. Situasjonen for mjuke trafikkantavar er svært dårlig på strekninga og her er mange farlege tilkoplingar til eigedomar. Vegen er den einaste fylkesvegen i Alver som er klassifisert i «Funksjonsklasse B» hjå Vestland fylkeskommune.

Når fylkeskommunen foreslår å bruke 200 millionar på strekningsvise utbetringar med t.d. G/S-vegar på fylkesvegar funksjonsklasse B, så ønsker Alver kommune prioritere denne mogelegheita høgt. Strekninga Skodvin – Vågseidet er under regulering med ny G/S-veg og strekninga Lindås - Mongstad er i siste fase av reguleringsgodkjennung. Dette er ein stor mogelegheit til å få prioritert utbygginga av denne trafikkfarlege strekninga med både vegoppgradering og bygging av gang- og sykkelveg.

Alver kommune tilrår å prioritere G/S-veg på Fv57 Skodvin – Mongstad i det økonomiske handlingsprogrammet.

### **3. Midlar til realisering av prosjekt i Miljøloftet**

Alver kommune har eit tett samarbeid med Vestland fylkeskommune under prosjektraplyen Miljøloftet (Byvektavtalen). I Miljøloftet sitt handlingsprogram for 2023 – 2026 har Alver kommune spelt inn fire gang- og sykkelvegprosjekt langs fylkesvegar. Sjølv om fylkeskommunen har eit ansvar for sine fylkesvegar i kommunen, så ønsker Alver kommune å bidra med midlar fra Miljøloftet til oppgradering og utbetring. Fylkesvegane er ofte sentrale vinar i sentra og bygder, og er særleg viktig i forhold til mange skulevegar. Midlane som Alver kommune bidrar med gjennom Miljøloftet går til sjølve bygging av tiltaka, ikkje til planlegging, prosjektering og grunnerverv. Alver kommune ser derfor behov for at fylkeskommunen bidrar økonomisk til prosjekta som blir prioritert gjennom Miljøloftet. Dette gjeld i særleg grad midlar til prosjektering, planlegging og grunnerverv og anna som er naudsynt før anleggstart, men også til generell hovudfinansiering av prosjekta (Slik som prosjektet i Kvamsbrekka).

### **4. Tettare samarbeid for å sikre meir veg for pengane**

Alver kommune og Vestland fylkeskommune har eit godt samarbeid på samferdselssektoren. Det er svært viktig at dette gjev konkrete resultat. Når fylkeskommunen inviterer til samarbeid for å få mest mogeleg veg for pengane, og i tillegg har utarbeidd prinsipp for dette, så bør Alver kommune prioritere dette samarbeidet høgt. Til slutt i denne saka ligg det ei opplisting av eksempel på prosjekt som kommunen ønsker å drøfte med fylkeskommunen. Kommunen og fylkeskommune bør i fellesskap å velje ut dei, eller evt. andre prosjekt, som snarast gjev mest mogeleg nytte for pengane, tilsvarende prosjektopporteføljestyringa som er blitt vanleg i samferdselsplanlegging og gjennomføring.

### **5. Omregistrering av Fv57 frå fylkesveg til riksveg**

Fv 57 registrert i høgaste funksjonsklasse for fylkesvegar, etter at den vart nedklassifisert frå riksveg i 2010. Vegen er viktig omkjøringsveg for E39 gjennom Romarheimsdalen og bind Norges største industristad til Bergen. Dette er difor å sjå på som ein såkalla interregional veg og til eit nasjonalt knutepunkt, noko som begge er naudsynte vilkår for at Statens Vegvesen skal ha ansvaret for vegstrekket. Dette ville i så fall gje tilgang til langt meir økonomiske midlar for utbetringar. Alver kommune meiner at fylkeskommunen må initiere arbeidet for ei omregistrering her. Prosessen med etablering av G/S-veg må likevel ikkje stoppe opp og dette må løysast i tett samarbeid mellom kommune, fylke og staten.

### **Liste over aktuelle fylkesvegar med utbetringsbehov i Alver kommune**

Prosjekta er henta frå tidlegare planar i dei gamle kommunane.

#### Aktuelle prosjekt i Lindås-delen:

Fv 5456 Ostereidet Fv-del mot kryss E39, fortau og utbetringer ved rundkjøringa  
Fv 5474 Seim skule, G/S-veg forbi området med Strilatun  
Fv 565 Hilland - Remme, G/S-veg  
Fv 5476 Skarsvegen frå Kvamsvåg og videre utover, oppgradering med fortau  
Fv 5464 E39 mot Eikanger skule, G/S-veg/fortau  
Fv 5456 Gamlevegen Eknas - Ostereidet, fortau og trafikksikring, punktutbetring  
Fv 5460 Hindenes - Bjørge, utbetre smal og dårlig veg  
Fv 5472 Seim, Kleivane, fortau/trafikksikring, planarbeid og utbygging  
Fv 5464 Jordal - Myking, asfalt og rekkverk på eks. vegutviding på VA-trase  
Fv 5468 Myking- Skauge, strekningsvis utbetrings/trafikksikring  
Fv 5452 Mundal- Leiknes skule, fortau og utbetrings  
Fv 5470 Lindås, farleg kryss ved kyrkja, oppstramming/utbetrings  
Fv 5464 Kløvebrekka, oppgradere vegstandard, særleg for gåande frå Vangen  
Fv 5464 Fammestad/Kløve, ungd.huset til brua v/skulen, oppgradere/stabilisering langs Lonelva  
Fv 5450 Vassbygdvegen, strekningsvis utbetrings/trafikksikring, rekkverk  
Fv 5458 Ostereidet - Nesbø, sikre farlege kantar  
Fv 5474 Seim, kryss ved Vatne (E39), ombygging, fortau  
Fv 57 Skodvin - Vågseidet, G/S-veg  
Fv 57 Lindås - Mongstad/Litlås, G/S-veg  
Veglysprosjekt og rekkverkprosjekt over heile kommunedelen  
Utgreiingar for trafikktryggleik rundt skulane på Leknes, Ostereidet, Lindås, Alversund og Knarvik

----

#### Aktuelle prosjekt i Meland-delen:

Fv 5308 Sagstadvegen, kryssutbetrting Sagstadvegen kryss mot Kv 2143 Øvre Sagstad  
Fv 564 Rosslandsvegen - Rosslandsvågen, etablere sikt og møteplassar  
Fv 564 Holme- Mjåtveit, planarbeid for G/S-veg  
Veglys og rekkverk, - mange stader

----

#### Aktuell prosjekt i Radøydelen, - med pri. frå politiske vedtak:

1. Fv 565 Remme til Austmarka, G/S-veg
  2. Fv 565 Manger kyrkje – Hesthaugen, fortau
  3. Fv 5488 Hellandskrysset, utbetring med busstopp
  4. Fv 525 Marås - Solend, veglys
  5. Fv 5484 Hordabø skule – idrettsbana, G/S-veg
  6. Fv 5484 Manger – Bø, G/S-veg og veglys
  7. Fv 5484 Gradnatun-krysset, utbetring og fortau
  8. Fv 525 Manger - Solend, G/S-veg
  9. Fv 5486 Toskavegen, Manger badeplass, G/S-veg
  10. Div. strekk med asfaltering
  11. Parkeringsplassar for friluftsformål
- Fv 5478 Vetåsvegen, utbetring i mogeleg samarbeid med VA  
Mjøs/Straume/Soltveit og Austbygd skule, div utbetringar  
Generelt utbetring av rekkverk og kantar på fylkesvegar  
Veglys, særleg ved skular
-